**Denne sommaren har vestlandsbonden verkeleg fått kjenne korleis vêr og klima spelar inn på produksjonen på gardane. Vått vêr gjer det tilnærma umogleg å slå på rett tidspunkt, og bakkane lir under traktordekka. Denne sesongen er det lite å gjere noko med, men er du og drifta di rusta for framtida?**

**Landbruksråd Vest, saman med Berekraftsfondet og Vestland Bondelag inviterer til**

# Hotellsamling med økonomi- og klimafokus

## 25.-26. september på Stord Hotell

Vi inviterer deg og partnaren din til hotellsamling med økonomi- og klimafokus. På flotte Stord Hotell skal vi både kose oss og lade batteria, samstundes som vi går gjennom klimakalkulatoren og lagar ein klimahandlingsplan som gjer deg konkrete råd om kva som kan gjerast på din gard.

Hotellet har eigen spa-avdeling med basseng, massasjedusjar, vannkanon, swimjet, varmesteinar og badstu der ein kan kopla av og hente ny energi.

Samlinga vert avslutta med eit besøk på biogassanlegget Renovo på Stord, som tek i mot husdyrgjødsel frå bønder i området.

| Sundag 25. september | |
|---|---|
| Kl. 11.00 - 11.30 | Oppmøte og registrering |
| Kl. 11.30 -12.30 | Lunsj |
| Kl. 12.30 - 13.00 | Opning ved Spydspissbonde Leif Arne Lirhus: Mine erfaringar frå eigen gard. |
| Kl. 13.00 - 13.30 | Landbrukets Klimaselskap ved Johanne S. Houge |
| Kl. 13.30 - 13.50 | Introduksjon til fagleg program ved rådgjevarar frå NLR Vest og TINE<br>Presentasjon av deltakarane i grupper |
| Kl. 13.50 - 14.00 | Pause |
| Kl. 14.00 - 15.30 | Introduksjon til Klimakalkulatoren.<br>Psykisk helse: Lever ein med klimaskam i landbruket? Ved HMS-rådgjevar Øystein Tholo frå NLR Vest. |
| Kl. 15.30 - 15.45 | Pause |
| Kl. 15.45 - 17.15 | Klimatiltak på garden.<br>Økonomiske utrekningar. Er klimatiltak god økonomi?<br>Introduksjon til Klimahandlingsplan og RMP-tilskot |
| Kl. 17.15 - 17.30 | Oppsummering |
| Kl. 17.30-19.30 | Eigentid/bad/spa/+++ |
| Kl. 19.30 | Middag |

| Måndag 26. september | |
|---|---|
| Kl. 7.30 - 8.30 | Frukost |
| Kl. 8.30 - 10.00 | Fortsetting Klimatiltak<br>Foredrag: analyse/case av tiltak hjå ein bonde.<br>Gruppearbeid |
| Kl. 10.00 -10.30 | Pause og utsjekk |
| Kl. 10.30- 12.00 | Utarbeiding av Klimahandlingsplan |
| Kl. 12.00 - 12.15 | Pause |
| Kl. 12.15 - 13.00 | Oppsummering og avslutning |
| Kl. 13.00 - 13.45 | Lunsj |
| Kl. 13.45 - 14.00 | Avreise Renovo Biogass |
| Kl. 14.00 - 15.00 | Besøk Renovo Biogass |

**Praktiske opplysningar:**

I løpet av samlinga vil deltakarane logge seg på klimakalkulatoren, få klimarådgjeving og ein godkjent klimahandlingsplan for sin gard. Godkjente klimarådgjevarar frå NLR og TINE er med på heile samlinga.

Rådgjevinga er i grupper og enkeltvis.

Ta med PC eller nettbrett, og Bank-ID for innlogging.

Målgruppa er bønder innan alle produksjonar, gjerne med partnar.

**Pris:**

Samlinga er sponsa av Landbruksråd Vest og Gjensidige og Bondelagets Berekraftfond. Vestland Bondelag sponsar sine medlemer med 500 kr. Prisen for hotellopphaldet vert difor låg. Deltakarane må betale for klimarådgjeving og handlingsplan, men får pengane tilbake gjennom ein søknad til Regionalt miljøprogram (RMP). De vil få god informasjon om dette på samlinga.

500 kr for medlemer i Vestland Bondelag

1000 kr for ikkje-medlemer

I tillegg kjem 2000 kr per gardsbruk for klimarådgjeving og handlingsplan som vert fakturert i etterkant. Ein får desse pengane tilbake gjennom ein søknad til Regionalt Miljøprogram (RMP).

Bindande påmelding innan 8. september

Lenke til påmelding

KlimaVest
REDUSERT KLIMAAVTRYKK FRÅ VESTLANDSJORDBRUKET